

Fra: Lise Fauskanger Ådlandsvik

Sendt: 20.09.2017 10:21:00

Til: Mona Didriksen

Kopi:

Emne: SV: Gangfelt

Vedlegg:

Hei.

Det vert vist til din epost av 22. august 2017 vedkommande kryssing av veg for mjuke trafikantar i Klauvarinden.

For å kunne etablere eit gangfelt er det fleire kriteria som må oppfyllest. Dette er det Statens vegvesen som tek hand om på fylkesvegnettet, på vegne av fylkeskommunen som vegeigar. Din epost er difor sendt vidare til Statens vegvesen slik at dei kan sjå på saka, og gje deg eit nærare tilbakemelding.

Generelt så kan ein seie at gangfelt ikkje er eit trafikksikringstiltak i seg sjølv, - det er eit framkomstiltak. Det vil seie at det ikkje er slik at eit gangfelt alltid vil gjere det tryggare å krysse ein veg. Her er det mange andre element som også spelar inn. Ikkje minst kor mange som kryssar vegen. Ved vurdering om gangfelt er eit aktuelt tiltak ein stad så vil Statens vegvesen gjennomføre teljingar over kor mange fotgjengarar som kryssar. I tillegg har skilta fartsgrense innverknad på kva på type tiltak som eventuelt skal nyttast. Der fartsgrensa er sett til 60 km/t eller meir kan det ikkje etablerast eit enkelt gangfelt, - då må det i tilfelle lysregulerast. Andre kriteria er sjølvsagt sikt og siktlinjer. Det er Statens vegvesen som kjenner alle detaljane i desse kriteria.

Dette til di orientering.

Lise F. Ådlandsvik
Spesialrådgjevar
Samferdselsavdelinga | vegseksjon
Hordaland fylkeskommune

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Mona Didriksen [<mailto:om-didri@online.no>]

Sendt: 22. august 2017 19:53

Til: Lise Fauskanger Ådlandsvik <Lise.Fauskanger.Adlandsvik@hfk.no>

Emne: Gangfelt

Hei.

Leser at fylkeskommunen har nullvisjon for trafikkulykker, men trur det kan halda hardt her ute i Klauvarinden der 13 born frå 1 til 3 klasse kvar morgon skal kryssa vegen to gongar for å kome til busstoppet. Eg er mormor og fylgjer mitt fyste-klasse-barnebarn til bussen om morgonen. Eg står med hjarta i halsen og ser på den trafikken som susar rundt og gjennom rundkjøring frå alle kantar, sjøl eg som er vaksen føler meg utrygg. Særleg bilane som kjem frå Nordhordalandbrua og skal vidare på Tellevikveien kjem i stor fart, ofte 60/70 km/t passerer dei vegen ned til Klauvarinden, og bremser ikkje ned før dei kjem til fartsdumpen lenger oppe i vegen. Kvifor har vi ikkje fått gangfelt i område her ute? Det er flott at busstoppet nær Salhus skule er sikra for millionar av kroner, men kva hjelper det når borna i andre endre endre kanskje blir påkjørt før dei kjem seg inn på bussen? NOKO MÅGJERAST!! Dersom dette ikke er rett adresse, er du kanskje snill å geleide meg vidare til den instansen som må ta ansvar for sikkerheten til dei mjuke trafikantene ved busstoppen Klauvaneset. Er ynskjer svar snarast, dette er et alvorleg problem for borna våre.

Med venleg helsing Mona Didriksen, Klauvarinden 30.

Sendt fra min iPad